



## Sakspapir

Saksnr:	Utval:	Dato	
	Kommunestyret		
Sakshandsamar:	<i>Olav Mongstad</i>		
Arkivsaknr.:	14/804	Klassering:	FE - 110

### Nordhordlandspakken etter korreksjon av fordelte midlar

#### Vedlegg:

Høyring - Justeringar i Nordhordlandspakken (L)(26288)  
Protokoll - Styremøte i Nordhordlandspakken AS 26.03.15 (L)(26289)

#### Rådmannen sitt framlegg til tilråding/vedtak:

Austrheim kommunestyre viser til brev frå Statens vegvesen datert 10.04.2015, justeringar i Nordhordlandspakken – høyring, og sluttar seg til dei endringane som er gjort i den justerte Nordhordlandspakken

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Etter at Meland i første omgang sa nei til bompengepakken, er det gjort nokre mindre justeringar i fordelinga av midlar. Dette er justeringar som kjem i tillegg til den versjonen av Nordhordlandspakken som kommunestyret handsama i tidlegare møte i år. Framlegget inneheld fylgjande justeringar i høve fylkestinget sitt framlegg.

- Auke i investeringsramme med 200 mill kr. basert på inntekter frå bomstasjon Isdal og justert kalkulasjonsrente
- Fordeling av dei nye investeringsmidlane med 115 mill. kr. til Lindås og 85 mill kr. til Meland
- Prioritering av prosjekt fv. 564 Fløksand – vikebø opp som nr 2 av prosjekta i Meland
- Prioritering av trafikksikring/undergang Holme (etappe 1 av prosjekt fv. 564 Sandskaret – Holme) opp som nr. 3 av prosjekta i Meland

Alle andre føresetnadene for pakken er uendra.

Denne justerte pakken har Meland kommunestyre no sagt ja til i sak 29/2015 i kommunestyremøte 22.04.2015. . Dei andre kommunane må handsama desse endringane før saka kan setjast opp i fylkestinget.

**Vurdering**

Det vert vist til innhald i brev frå Statens Vegvesen datert 10.04.2015.

**Konklusjon**

Rådmannen ber kommunestyret gå inn for den endringa som er gjort i Nordhordlandspakka. Etter ei lang sakshandsamingstid i kommunane i Nordhordland, bør ein no kunna få gjennom denne pakken.

**Sakspartar**